



Rapport frå forvaltningsrevisjon om undervisningspersonell

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Rapporten frå forvaltningsrevisjon om undervisningspersonell vert teken til vitande.
2. Kommunedirektøren følgjer opp funna i rapporten slik:
 - a. Sikrar framdrift i arbeidet med å revidere kompetanse- og rekrutteringsplanane.
 - b. Avklare praksis for dokumentasjon av drøftingar og vurderingar i møte om mellom anna GSI-data og kompetansebruk.
3. Kommunedirektøren informerer kontrollutvalet om oppfølginga innan 1.4.2027.

Bakgrunn for saka:

Revisjonsprosjektet vart tinging av kontrollutvalet 23.6.25. Prosjektplan frå Vestland Revisjon vart godkjent 8.9.25.

Kontrollutvalet si tinging:

Kontrollutvalet tinger forvaltningsrevisjon om undervisningspersonell, hjå Vestland Revisjon.

1. Føremålet er å finne ut om kommunen ivaretek noverande og framtidig behov for stillingar og kompetanse i grunnskulen.
2. Kontrollutvalet ønskjer svar på:
 - a. Har kommunen oversikt over noverande og framtidig behov for stillingar og kompetanse i grunnskulen?
 - b. Har kommunen oppdatert kartlegging av kompetansen til tilsette i skuleverket?
 - c. Korleis sikrar kommunen at tilsette i skuleverket har den formelle og reelle kompetansen som trengs for å utføre sine oppgåver?
 - d. Har kommunen planar og tiltak for vidare- og etterutdanning for tilsette i skuleverket?
 - e. Har kommunen oversikt over kor mykje undervisning, inkludert tilrettelagt undervisning som vert gitt av tilsette utan rett kompetanse?
3. Revisor skal vurdere tinging og problemstillingar slik det går fram av standard for forvaltningsrevisjon pkt 4, 5 og 6.
4. Frist for prosjektplan: 25.8.2025.
5. Frist for statusrapport: 20.1.2026.
6. Frist for levering av rapport: 1.6.2026.

Ved handsaming av prosjektplan 8.9.25, kom følgjande presisering etter spørsmål frå revisor: Utvalet avklara at omgrepet "tilrettelagt undervisning" i tingingsvedtaket samsvarar med "individuell tilrettelagt undervisning" i opplæringslova. Samanhengen mellom spørsmåla i tinginga punkt 3 og rapporten:

- Kapittel 3: Spørsmål a og b
- Kapittel 5: Spørsmål c
- Kapittel 8: Spørsmål d
- Kapittel 11: Spørsmål e

30_26 Forvaltningsrevisjonen Undervisningspersonell - endeleg rapport frå Vestland Revisjon (002)

30_26 Rapport frå forvaltningsrevisjon om undervisningspersonell (002)

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Opplæringslova

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet behandla revisjonsrapporten i møte den 24.08.2026, sak 30/26.

Konklusjonar i rapporten:

PROBLEMSTILLINGA: Er tilsette i grunnskulen sin kompetanse kartlagt og oppdatert, og har kommunen oversikt over framtidig behov for stillingar og kompetanse?

- Tilsette i grunnskulen sin kompetanse vert kartlagt og oppdatert, og Bremanger kommune har gjennom sine aktivitetar og styringsdokument for oppvekstsektoren også oversikt over framtidig behov for stillingar og kompetanse.
- Gjeldande plan for oppvekstsektoren vart vedteke av kommunestyret i mars 2014. Samla plan vart handsama av kommunestyret i mars 2018. Desse har ikkje har vore revidert i perioden frå dei vart vedtekne til i dag.
- Kommunen påpeikar alderen på desse planane sjølv i oversendingsbrev til revisjonen, og informerar om at det er sett ned ei arbeidsgruppe for å lage ein ny plan. Det arbeidet starta opp den 14. januar 2026.

PROBLEMSTILLINGA: Korleis sikrar kommunen at tilsette i skuleverket har den formelle og reelle kompetansen som trengs for å utføre sine oppgåver?

- Bremanger kommune sikrar at dei tilsette i undervisningsstillingar har rett kompetanse som eit resultat av dei dokumenterte internkontrollaktivitetane i årshjulet for oppvekst. At kommunen gjennom året har oversikt over kompetansen i skulane, er med på å sikre at behova for ny og naudsynt kompetanse er oppdatert når ein lyser ut stillingar i skulen. Kommunen gjev i tillegg dei tilsette i skulen anledning til å ta kompetansehevande kurs, vidare- og etterutdanning.

PROBLEMSTILLINGA: Har kommunen planar og tiltak for vidare- og etterutdanning for tilsette i grunnskulen?

- Bremanger kommune har plan med konkrete tiltak for etter- og vidareutdanning for tilsette i skule og barnehage.
- Planen er frå 2014 og inneheld faktaopplysningar særleg i vedlegga til planen som er utdatert og ikkje gjeldande for stoda i Bremanger kommune i 2026.
- Eit arbeid med å revidere planen vart sett i gang administrativt i januar 2026.

PROBLEMSTILLINGA: Har kommunen oversikt over kor mykje undervisning inkludert tilrettelagt undervisning som vert gitt av tilsette utan rett kompetanse?

- Kommunen har oversikt over kor mykje undervisning som vert gjeven av tilsette utan rett kompetanse gjennom mellom anna den årlege GSI rapporteringa.
- Bremanger kommune føl opp tilsette utan tilfredsstillande fagkompetanse i form av mellom anna eigenkontroll av kartleggingsprøver som vert halde gjennom skuleåret.
- Vi registrerar at det ikkje er formalisert kva type møter kollegiet i oppvekst skal dokumentere i form av møtereferat/notat i etterkant av GSI rapportering.

Vurdering:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 30/26:

1. Rapporten frå forvaltningsrevisjon om undervisningspersonell vert teken til vitande.
2. Kommunedirektøren følgjer opp funna i rapporten slik:
 - a. Sikrar framdrift i arbeidet med å revidere kompetanse- og rekrutteringsplanane.
 - b. Avklare praksis for dokumentasjon av drøftingar og vurderingar i møte om mellom anna GSI-data og kompetansebruk.
3. Kommunedirektøren informerer kontrollutvalet om oppfølginga innan 1.4.2027.

Økonomiske konsekvensar av framlegg til vedtak:

Ikkje relevant.